



Justis- og beredskapsdepartementet

Høyringsuttale: NOU 2013:9 Eitt politi - rusta til å møte framtidas utfordringar

Høyringsuttale frå Lom kommune:

Det er bra med eit heilheitleg blikk på norsk politi og Lom kommune ser positivt på analysen i NOU 2013:9 «Eitt politi – rusta til å møte framtidas utfordringar».

Det er nødvendig å sjå på struktur og organisering av politiet i eit endra samfunn. Det har skjedd store endringar i samfunnet dei siste 10-20 åra utan at endringar i Politiets struktur og oppgåver har vurdert på eit heilheitleg grunnlag.

Det er viktig å framheve dei oppgåvene som politiet utfører i samfunnet for kriminalitetsbekjemping og tryggheit for innbyggjarane. Lom kommune er likevel skeptisk til konklusjonane om å overføre sivile oppgåver til andre forvaltningsorgan. Det er vanskeleg å sjå om det vil være rett å fjerne dei sivile oppgåvene frå politiet før ein har anvist korleis desse oppgåvene skal løysast og kva for offentlege organ som skal ha ansvar for desse. Lom kommune meiner samstundes at sivile oppgåver må løysast av sivilt personell og ikkje av personell med politifagleg bakgrunn. Det er og slik i dag at det i praksis er sivilt personale og dei sivile oppgåvene til politiet som sikrar opningstidene på dei lokale tenestestadane. Enkelte av dei sivile oppgåvene er viktige for kontakten mellom politietaten og det øvrige samfunnet.

Politidistrikt struktur og lokal struktur.

Lom kommune støttar ein reduksjon i antall politidistrikt og ein reduksjon av lokale tenestestader, men understrekar at tilstaddeværelse av nærpoluti er viktig og at den geografiske plasseringa og avstanden mellom tenestadane må vektleggjast. Det er svært viktig å ha fokus på responstid og tilgjengeleghet til poilititjenestemenn i lokalsamfunnet ved ei slik omlegging. Det er og eit viktig moment at ein i lokalmiljøa kan «kjenne sine polititjenestemenn». Dette gjer at nærpoluti har god lokalkunnskap og i tillegg gjev det ein opplevd «tilgjengelighet» for befolkninga.

Lom 30.September 2013

Bjarne Eiolf Holø

Ordførar

